

Moderne importord i språka i Norden

Titel: Norvagisering og fornorsking

Forfatter: Helge Sandøy

Kilde: Moderne importord i språka i Norden II.
”Det främmande” i nordisk språkpolitik. Om normering av utländska ord, 2004, s. 107-141

URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/min/issue/archive>



© Novus forlag 2004

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Norvagisering og fornorsking¹

Helge Sandøy
Bergen

1. Innleiing

Da Noreg blei eit sjølvstendig rike i 1814 (i kongeunion med Sverige fram til 1905), oppstod eit politisk grunnlag for ein kulturkonflikt. Men konflikten kom ikkje klårt for dagen før under nasjonalromantikken. På 1830-talet ser vi ein begynnande norsk debatt blant intellektuelle om korleis det språkpolitiske spørsmålet skulle best løysast. Men det var mest famlande idéar da, og litt individuell eksperimentering. Meir konkret blei den norske språkstriden i 1853 ved at Ivar Aasen foreslo ei form og rettskriving for eit nytt landsmål (seinare 'nynorsk') bygd på dei norske dialektane (Aasen 1853). Konflikten som no kom mellom to språkformer i landet, har seinare dominert innfallsvinkelen til norsk språkdebatt, og spørsmålet om utalandske ord har vore underordna hovudspørsmålet: Skulle nasjonen Noreg ha sitt eige skriftspråk, og korleis skulle det utformast?

Nynorskrørsla hadde klåraste positive svaret på spørsmålet om eit eige nasjonalt skriftmål. Men også tilhengarane av det norsk-danske språket (seinare 'bokmål') gjekk meir og meir over til det synet at deira språk òg skulle bli nasjonalt.² Siste halvdel av 1800-talet var prega av den diskusjonen, og språkhistoria blei prega av fleire reformer, som kan ha gitt mange nordmenn ei forståing for at skriftmålet er alltid eit resultat av ein styrt prosess. Det er dessutan eit produkt av ein konflikt mellom motstridande interesser. Spørsmålet om importorda har gått inn i den overordna konflikten. Eit eige fokusert tema blei dei ikkje før på 1980-talet.

2. Norsk ortografi

2.1. Norsk-dansk frå 1862

Enda på 1850-talet var skriftmålet i Noreg heilt dansk – offiselt sett utan modifikasjonar. Etter 1814 var faktisk mange nordmenn opptekne av å skrive ein reinare dansk enn før, ikkje minst pga. at fleire etter kvart lærte standardnorma. Førebiletet for den danske norma var bestemt i ei forordning frå 11. mai 1775 til å vere eit verk som kom to år etter, nemleg historieverket *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenere* av Ove Malling. Seinare kom grammatikkar med reglar og rettleiing.

Ikkje alle nordmenn var lojale. I 1830-åra oppstod det debatt om skriftspråket i Noreg, og særleg Henrik Wergeland såg for seg at det måtte omleggjast i retning av

Morgenbladet.

— — — — —
Fjendte Aargang.

No. 323.

Mandagen den 19de November

1838

Fræmmede Ord ere Leietjenere, som bør beholde Nationaldragten, saalænge de ikke saa ganske sættes i vor Tjeneste, at de aldrig skulle vige Pladsen for mere hjemmelvorne Kammerader. Og med Hensyn paa de naturaliserede Ord: hvorfor kan ikke Lyden af disse lempes efter den eengang antagne Skrivemaade? Det er Kavat, der udtale f. Ex. Departement saaledes, at man i sidste Stavelse hører Lyden af e og ikke a og at man ligeledes hører t tydeligt udtalt. Dette er usædvanligt, kan man sige; men er Orthophonismen mindre usædvanligt, og fører den ikke ogsaa det Onde med sig, at Ordenes Oprindelse langtfra saagodt kunde udledes som ved en rigtig Stavemaade? Modparten troer, at Orthographien vil undergaae en almindelig Forandring; jeg maa see det, før jeg troer det.

Tilslidst vil jeg bede Gud bevare os fra to slemme ting, nemlig: Cholera og Orthophonisme!

Fræmmede Ord ere Leietjenere, som bør beholde Nationaldragten, saalænge de ikke saa ganske sættes i vor Tjeneste, at de aldrig skulle vige Pladsen for mere Hjemmehørende Kammerader. Og med Hensyn paa de naturaliserede Ord: hvorfor kan ikke Lyden av disse lempes efter den eengang antagne Skrivemaade? Det er Mange, der udtale f. Ex. Departement saaledes, at man i sidste Stavelse hører Lyden af e og ikke a og at man ligeledes hører t tydeligt udtalt. Dette er usædvanligt, kan man sige; men er Orthophonismen mindre usædvanligt? og fører den ikke ogsaa det Onde med sig, at Ordenes Oprindelse langtfra saa godt kunde udledes som ved en rigtig Stavemaade? Modparten troer, at Orthographien vil undergaae en almindelig Forandring; jeg maa see det, før jeg troer det.

Tilslidst vil jeg bede Gud bevare os fra to slemme ting, nemlig: Cholera og Orthophonisme!

Ortofonien blei diskutert tidleg. Her eit utdrag frå Morgenbladet 19.11.1838. (For å lette lesinga av kopien er det her sett til tekst med latinske bokstavar.)

norsk. Han praktiserte òg ein del av ideane sine. For importorda fekk dei f.eks. følgjer for ord som *Kritik* og *Filosofi*. Det vil seie at det kom opp både ein tanke om og ein vilje til å eksperimentere med språket.

Den danske språkvitenskapsmannen Rasmus Rask hadde i 1820-åra gjort seg til talsmann for prinsippet om ortofoni (dvs. å skrive *lydrett*), og mange blei opptekne av tankane hans. I 1826 gav han ut *Forsøg til en videnskabelig dansk rettskrivningslære*, der han m.a. gjekk inn for at importorda skulle skrivast etter same prinsipp som dei heimlege: *Sjampanje*, *Salme*, *Sekretær*, *Møbel*. (I dansk skulle ein på den tida skrive: *Champagne*, *Psalme*, *Secretær* og *Meuble*.) Det kom altså opp ein rettskrivingsdiskusjon i Danmark. Ein tilhengjar av Rask var N.M. Petersen, som formulerte mottoet: "Hvad øret hører, bør og øjet se; ligesom man bør lade øjet se alt det, der under talen høres, saa bør og intet ses, som øret ej hører." (Nygaard 1967: 19.)

Det var fleire i Noreg òg som tidleg prøvde seg med å skrive importorda meir lydrett. For eksempel brukte Mauritz Hansen ein ortofon skrivemåte i femte utgåva av grammatikken sin i 1837. Den skapte rabalder, og i ein avisdebatt uttrykte ein

skribent: “Gud bevare os for to slemme Ting, nemlig: Cholera og Orthophonisme!” (*Morgenbladet* 19.11.1838). Året etter sende Kyrkjedepartementet ut rundskriv om at boka var forboden som lærebok.

Men språkstriden var i gang, og drøftingane gjekk vidare. Pedagogen (eller meir presist: overlæraren) Knud Knudsen sende i 1860 brev til Kyrkjedepartementet og foreslo endringar i ortografien, og i 1862 kom departementet på gli. Det sende 18.2.1862 ut rundskriv som gjaldt endringar i den norsk-danske rettskrivinga generelt, og altså dermed ikkje berre importord. Dette var første norske rettskrivingsendringa, som gjorde at norsk-dansk skilde lag med rein dansk. (Dermed får termen ‘norsk-dansk’ eit innhald.) Frå 1862 begynner også norvagiseringstradisjonen, dvs. at ein skriv importord etter det norske ortografiske systemet, noko som gir meir ortofone skrivemåtar.

Endringane omfatta fem punkt og var tydeleg inspirerte av den ortofone idéen. Dei som var aktuelle for importord, var desse:

- byte ut *ph* med *f*: *Philosophie* > *Filosofi*
- fjerne stum *e*: *Philosophie* > *Filosofi*
- byte ut *c*, *ch* og *q* med *k* der dei blir uttalte *k*: *Technique* > *Teknik*, *concis* > *koncis*, *qualificere* > *kvalificere*

Dei andre draga gjaldt skrivemåten av lang vokal og skrivemåten av diftongar.

Det var prinsippet om ortofoni som var mye diskutert i samtida, og vedtaket godkjende altså idéen om at det burde vere eit betre samsvar mellom lyd og bokstav.

Landsmålet – som blei presentert i 1853 (Aasen 1853) – var ikkje omfatta av dette vedtaket. Denne språkforma var enno ikkje offisiell, ho var meir å sjå på som eit privat eksperiment. Men grunnleggjaren, Ivar Aasen, hadde heller ingen klare retningslinjer for korleis importorda skulle behandlast. Aasen drøfta rettnok i grammatikken sin frå 1864 (§150, Anm.) om importorda var strukturelt tilpassa eller ei:

“At holde Sproget aldeles reent for alle fremmede Ord vilde neppe nogensinde være muligt, og i Grunden kan dette heller ikke være saa ganske nødvendigt, naar kun de indførte Ord passe saavidt sammen med de hjemlige Former, at de ikke falde Folket besværlige eller forstyrre Begrebet om Sprogets Regler.”

Sjølvsengasjerte han seg ikkje spesielt i importorda, han var nok meir oppteken av å unngå at dei fortrengde norske arveord.

2.2. Skandinavismen

Som kulturrørsle var skandinavismen ein del av nasjonalromantikken, berre med den forskjellen at det var dei tre greinene på den nordiske folkestammen som skulle finne og dyrke einskapen. I Noreg kom ikkje skandinavismen til å prege dei intellektuelle

så sterkt, for dei var meir opptekne av å skape det nye Noreg etter frigjeringa i 1814. Men etter 1860 blir det ei viss interesse, dvs. før den skandinaviske bølga ebba ut. Ikkje minst for ein del av brukarane av norsk-dansk var dette ein tiltrekkjande ideologi, for det språklege brottet med Danmark, som den norske nasjonalrørsla la opp til, hadde mange kulturpolitiske følgjer. For forfattarane fekk ho direkte økonomiske følgjer, for dei fekk alt på 1860-talet problem med dei danske forleggjarane sine når dei brukte mange norske særdrag i språket sitt. Skandinavismen gav ideologisk legitimitet til å halde oppe ein skriftspråkleg fellesskap.

Det kan vere interessant å leggje merke til at første initiativet for å skape større skandinavisk språkfellesskap kom frå eit møte for nordiske nasjonaløkonomar i 1866. I *Nordisk Tidsskrift* uttrykte den svenske politikaren Henning Hamilton denne ideologien:

“Og når man erkender, at den livligst mulige samvirken i den størst mulige udstrækning er et livsvilkår for den materielle udvikling, så må man også erkende, at et kraftigt samliv i litteratur og kunst er af den største betydning for industriens blomstring; thi intet nærmer menneskene mere til hinanden, intet fremmer bedre det indbyrdes kendskab og den gensidige tillid, som er nødvendig for det fælles arbejde, end et livligt udbytte af idéer angående de højeste og evige formål for den menneskelige tanke.” (*Nordisk Tidsskrift* I: 380, her etter Løkke 1870: 2.)

Den norske iveren for idéen blei understreka av at juristen og politikaren Ludvig Kristensen Daa tok opp att tanken under ei forelesing i København i 1868, og forfattaren Bjørnstjerne Bjørnson ivra svært for dette. Han skreiv i eit brev same året at “Paa dette [dvs. planlagde møtet] skal den Skrivemaade fastslaaes, som maa følges forat vor Tale kan blive tilgjængelig for de andre Led af den nordiske Stamme”. Frå dansk side var det òg uttrykt som eitt av måla å “tilvebringe hensigtsmæssige forslag til en fælles dansk-norsk retskrivning, der kunde ventes at trænge igennem og afløse den nu herskende mangfoldighed”. Det andre målet var betre samsvar med svensk rettskriving, slik at ein lettare kunne utnytte litteraturen åt kvarandre. (Vinje 1973: 127.) Sjølv møtte ikkje Bjørnson, han var heller ikkje vald som utsending. Derimot stilte forfattaren Henrik Ibsen (som varamann), og han blei nok den nordiske forfattaren som i eigne verk følgde ivrigast opp vedtaka frå rettskrivingsmøtet.

Den skandinaviske draumen var så sterk på denne tida at det også blei skipa eit Skandinavisk Selskab i Kristiania (= Oslo), og dette selskapet var det som valde dei norske utsendingane til skandinavismøtet i Stockholm i 25.–30.7.1869: prof. Ludvig Kr. Daa, forfattaren Henrik Ibsen, overlærer Knud Knudsen og overlærer Jabob Løkke (Løkke 1870: 2).

Skandinavismøtet kom med ein del samstemmige tilrådingar om reformer som burde gjennomførast i nær framtid. Hovuddelen av framlegga gjaldt det ortografiske systemet i kvart av språka, men møtet hadde også synsmåtar på importord. Eine vedtaket uttrykkjer den allmenne synsmåten at importord som er blitt fullt ut aksepterte

i skriftmålet, bør skrivast etter heimlege reglar: “Som en for bægge sprog fælles beslutning blev vedtaget, at fremmede ord, som kunne anses for fuldt optagne i sproget, skrives efter dettes regler.” (Lyngby 1870: 64.) Men ein del delegatar var imot og ville at importorda skulle skrivast etter rettskrivinga i opphavsspråket slik at det skulle bli vanskelegare å ta dei opp i språket (Vinje 1996: 14). Det låg ein type purisme eller språkvern også i denne synsmåten – som altså ikkje vann fram. På detaljnivå var det forslag om at *q* skulle bytast ut med *k* (som i f.eks. *qualificare* > *kvalificere*), *x* med *ks* (som i f.eks. *extra* > *ekstra*). Dei to fremmende bokstavane “bør udgå af skriften” (Løkke 1870: 21).

Nokre av tilrådingane frå møtet var alt innførte i Noreg med vedtaket frå 1862. Dei andre konsekvensane for importorda blei tekne opp i norsk-dansk med rettskrivingsreglane åt Jonathan Aars frå 1874. Litt seinare følgde dansk-dansken opp med ein del endringar i 1889. På desse punkta blei det dermed skapt meir samsvar att mellom dansk-dansk, og norsk-dansk: *Philosoph* > *Filosof*, *Chaos* > *Kaos*, *Theater* > *Teater*, *Doctor* > *Doktor*.

Store konsekvensar fekk ikkje forslaga frå skandinavismøtet. Men Henrik Ibsen var ivrig, og han gjennomførte frå og med *De unges Forbund* i 1869 ei skandinavistisk rettskriving. Språksynet åt Henrik Ibsen var skapt gjennom samarbeidet med oppnorskingssmannen Knud Knudsen, først og fremst dei åra da Ibsen var kunstnarisk leiar ved Det norske Theater i Kristiania og Knudsen var språkkonsulent. Idéen åt Knudsen bygde på to prinsipp: ein burde skrive mest mogleg ortofont, og ein burde byggje på “den landsgyldige norske uttale”, dvs. på talemålet i dei høgare sosiale lag i byane. Ortofoni-prinsippet fall ofte saman med forslaga frå skandinavismøtet. Ibsen heldt heile tida fast ved desse ortografiske grunnprinsippa frå Knudsen, men han blei etter kvart mindre ivrig på å bruke norske uttrykk i arbeida sine, for han fekk klager frå både direktør Frederik Hegel i Gyndendals forlag i København og frå leiarane ved Det Kongelige Theater i København.

2.3. Oppnorskingstida

2.3.1. Knud Knudsen og ortofonien

Overlærer Knud Knudsen (1812–1895) ved Kristiania Katedralskole, som var den mest aktive språkreformatoren innafor den norsk-danske tradisjonen, skilde seg frå Ivar Aasens “språkrevolusjonære” linje med å vilje byggje eit norsk skriftmål på talemålet åt overklassen i byane, det han kalla “den dannede dagligtale”. Dette talemålet meinte han var så einskapleg at det kunne fungere som basis for eit skriftmål. Elles var Knudsen ein sterk tilhengar av ortofoni og prinsippet åt Rasmus Rask og N.M. Petersen om samsvar mellom lyd i talen og bokstav i skrift: “at hvært tegn bare gjen-gir én lyd, og at hvær lyd bare skrives med et tegn, en og samme bokstav i alle de ord, den forekommer i.” (Knudsen 1937: 187.)

Desse prinsippa tok han opp alt i 1845 i avhandlinga *Om Lydene, Lydtegnene og Ret-*

skrivningen i det norske Sprog. Målet om å endre den danske skriveskikken slik at han blei ei lydrett gjengiving av norsk “høgare” talemål, måtte nødvendigvis føre til ei stor og radikal omlegging. Ikkje alle tankane åt Knudsen blei følgde opp, men dei omleggingane som skjedde frå dansk før 1862 til norsk bokmål innpå 1900-talet, var i hans ånd.

Knudsen var ein type realist midt i nasjonalromantikken, og i intense språkdiskusjonar tidleg på 1850-talet måtte han tole sterk kritikk, f.eks. frå professor P.A. Munch, som var “tyngste” åndshøvdingen i Noreg på den tida. Men Knudsen hadde òg støtte i ei “Sprogforening” i Studentersamfundet, og han arbeidde trufast og jamt. I 1860 tok han som nemnt ovafor initiativ overfor departementet om skriftreformer. Da departementet sende framlegget ut på høring, kom det protest frå Universitetet, men støtte frå lærarane i “den lærde skole” (dvs. gymnaset eller den vidaregåande skolen i nyare termar). Resultatet blei departementsvedtaket av 1862.

I 1866 gav Knudsen ut *Om tilnærkelse mellem Norsk, Dansk og Svensk*, der han fore-slo gjensidige endringar i språka slik at ein fekk større einskap. Knudsen var altså heilt i pakt med debatten i samtida, og han var også ein av dei norske utsendingane til Stockholms-møtet i 1867. Han følgde sjølv lojalt opp vedtaka frå Stockholm, og han skreiv stadig om dei i avisene. Han hjelpte også både Bjørnstjerne Bjørnson og Henrik Ibsen med den nye språkforma i bøkene deira. (Meir om Knudsen under punkt 3.1.)

2.3.2. Jonathan Aars og offisiell normering

Læraren Jonathan Aars (1837–1908) var elev av Knudsen, og han gjennomførte med ei viss varsemd ideala åt læremeisteren i dei mange utgåvene sine av *Retskrivningsregler til skolebrug*, som første gong kom ut i 1866 som hjelpebok ved Aars og Voss’s Latin- og Realskole i Kristiania, dvs. ved den private skolen Aars var med og etablerte. Reglane i den første utgåva hadde lærarane ved skolen komme fram til som pedagogisk hjelperåd fordi danske hjelpemiddel ikkje lenger kunne brukast i norsk skole. Desse trykte rettskrivingsreglane fangar opp tendensane i norsk-dansk skriveskikk samtidig som dei markerer nye steg i den ortofone retninga bort frå den danske tradisjonen i både heimlege ord og importord. Boka fekk ingen offisiell status, men ho blei i praksis brukt ved fleire skolar. Den sjuande utgåva, som kom i 1885, blei derimot autorisert, og såleis representerte den og seinare utgåver offisiell rettskriving for norsk-dansken (‘bokmålet’). Denne autorisasjonspolitikken var samtidig ein ny og meir aktiv normeringspolitikk frå styresmaktene si side når det gjaldt norsk-dansken. (Landsmålsnorma levde utan offentleg styring heilt til ei reform i 1901.)

Rettskrivingsreglane åt Aars kan brukast som vitnemål om dei gradvise endringane i norsk-dansk skrivepraksis. I utgåva frå 1874 blei f.eks. bokstaven *x* rekna “som foreldet”, og det hadde konsekvensar for importord samtidig med heimlege ord.

2.3.3. *Fransken er problemet (1885)*

I 1885 godkjende altså Kyrkjedepartementet J. Aars: *Norske Retskrivnings-regler* til bruk i skolen. Dermed blei f.eks. ein del endringar Aars hadde begynt å ta inn alt i utgåva frå 1866, offisielt velsigna. Endringane blei ikkje innførte som konsekvent gjennomførte prinsipp, men vi kan likevel tolke inn desse retningsgivande grunnsetningane:

<i>x > ks</i>	<i>exempel > eksempel</i>
<i>z > s</i>	<i>bazar > basar, magasin > magasin, zirat > sirat, zone > sone</i>
<i>ds > s</i>	<i>provinds > provins</i>

Aars innfører som hovudregel at vanleg kjende og brukte ord skal skrivast etter same mønster som norske. Problemet på denne tida er tydeleg dei “nyare” importorda frå fransk, for dei skulle i stor grad framleis skrivast som på opphavsmålet: *jaloux, chef, marche, present*.

Språkpolitisk endra mentaliteten seg i denne tida. Frå 1870-talet engasjerte styresmaktene seg sterkare i språkspørsmål. Vi hadde alt hatt konflikhtar med Sverige, slik at lausrivingstanken var aktuell og viljen til nasjonale markeringar var aukande. Det hadde også følgjer for norsk-dansken, for det blei akseptert at den måtte formast om i norsk lei. Striden gjaldt meir kva talemål som skulle vere grunnlaget, og kor fort endringane skulle skje. Endringane i importorda, som vi tek opp her, er såleis berre ein flik av dei større omleggingane.

2.3.4. *Målretta ortografisk purisme (1898)*

På 1890-talet oppstod mange rettskrivingsproblem i norsk-dansken i samband med at ein la om frå eit dansk til eit norsk system. Mens diskusjonane gjekk nokså intenst, bad departementet Jonathan Aars, Simon W. Hofgaard og Moltke Moe om å skrive ei innstilling om korleis ein kunne løyse rettskrivingsvanskane. I innstillinga, som kom i 1898, blei skrivemåten av importord drøfta spesielt i eit tilleggskapittel om “Skrivemåten av fremmede ord” (s. 139–146). Forfatarane tek der utgangspunkt i problema barn har med å skrive desse orda:

“Disse vanskeligheter kan ikke helt haves, hvis man ikke vil bestemme sig til at skrive alle fremmede ord som om de var norske, efter den uttale de har hos os, uten alt hensyn til deres skikkelse i det fremmede sprog. Altså som man gjør i italiensk, spansk, osv. Men et så radikalt skridt vil vi ikke foreslå.” (S. 139.)

Deretter (s. 140) deler dei importorda i tre grupper:

1) dei som “ikke godt kan undværes”, og som ein bør tilpasse heilt til norsk,

- 2) dei som “godt kunde undværes. Dem kan man ikke ønske opptatt i vort sprog, og ved dem vil det snarest være en fordel at de beholder fremmet skrivemåte og således blir noget vanskeligere at bruke”.
- 3) Dei orda som hører til fagspråket og ikkje er i vanleg bruk. Dei bør ein “ikke være for snar til at oppta [...] med fuld borgerrett og norsk skrivemåte”. Det kan nemleg “vise sig at de ikke er så uundværlige som de mener, de som nu bruker dem”. Deretter kjem ei mengd framlegg til endringar.

2.4. Den sjølvstendige nasjonen etter 1905

Det politiske nasjonalspørsmålet blei løyst ved at Noreg braut unionen med Sverige i 1905, og kulturelt sett stimulerte den nye politiske aktiviteten all oppnorsking. Innstillinga frå 1898 er utgangspunktet for framlegget til ny rettskriving for norsk-dansk i 1907, og der blei igjen skrivemåten i ein del enkeltord endra. Mange av endringane gjaldt *sj*-lyden. Vi kan tolke ut desse grunnsetningane:

- | | |
|---|--|
| • <i>g, sch, ch, sh</i> [ʃ] > <i>sj</i> | <i>logis</i> > <i>losji</i> , <i>dusch</i> > <i>dusj</i> , <i>punch</i> > <i>punsj</i> ,
<i>shawl</i> > <i>sjal</i> |
| • <i>on</i> > <i>ong</i> | <i>salon</i> > <i>salong</i> , <i>bullion</i> > <i>buljong</i> |
| • <i>in</i> > <i>æng</i> | <i>bassin</i> > <i>bassæng</i> |
| • <i>c, ç</i> [s] > <i>s</i> | <i>concert</i> > <i>konsert</i> , <i>exercis</i> > <i>ekstersis</i> ,
<i>façade</i> > <i>fasade</i> |

Også nokre andre enkeltomleggingar skjedde da, f.eks. blei *bureau* til *byraa*. Her innførte ein dessutan for første gong valfridom i importord, nemleg i *balkon/balkong* og *alliance/allianse*.

I dei nye rettskrivingsreglane (Aars & Hofgaard 1907: 28f.) er importorda ordna i tre grupper:

- 1) dei “som skrives likefrem efter vor uttale av dem” (f.eks. *sjal*),
- 2) dei “som skrives halvt efter norsk uttale” (f.eks. *briljant³*), og
- 3) dei “som har beholdt helt fremmed skrivemaate” (f.eks. *etage*).

Det er tydeleg at orda frå fransk framleis baud på problem, og Aars & Hofgaard kommenterer det påfallande at somme ord får “tysk betegnelse av *sj*-lyden, uagtet de er av fransk oprindelse; f.eks. *brosche*, *depesche* o.fl.” (s. 28). Kjennskapen til tysk var sjølv sagt større enn til fransk, og derfor danna tysk ortografi mønster også for franske importord.

Endringar som forfattarane framhevar, er at ein no skal skrive *k*, og at “*Ph* for *f*, *th* for *t*, *w* for *v*, *x* for *ks*, og *z* for *s* brukes ikke mer” (s. 29).

Dei endringane som no er nemnde, gjaldt “dansk-norsken/det almindelige bog-sprog”. I landsmålet var enda ikkje importorda blitt spesielt behandla nokon gong,

og det var oppstått ein del tilfeldige forskjellar i skrivemåten mellom dei to målformene. Ein departementsoppnemnd komité samansett av Hans Eitrem, Amund B. Larsen og Steinar Schjøtt fekk i oppdrag å drøfte eventuelle utjamningar mellom målformene. Komitéen meiner i innstillinga si frå 1909 at ein må unngå slike forskjellar når uttalen er lik i begge målformene. Det har ein følgd i rettskrivingsreformene seinare.

1912

I 1912 kom den autoriserte landsmålsordlista åt Matias Skard i ei utgåve som var sterkt utvida, m.a. inneheldt ho mange importord skrivne etter norsk ortografisk mønster. Ein del av desse orda var ikkje norvagiserte enda i norsk-dansken (på dette tidspunktet kalla riksmål), f.eks. *mansjett*, *nasjon*, *nøytral*, *sjef* og *sjokolade*. Her gjer altså landsmålet eit rykk framover og tek leiarrølla i norvagiseringa.

1917

Dei to norske målformene har kvar sine “normdirektiv”, og dei blei første tida reviderte kvar for seg og på ulike tidspunkt. Frå og med 1917 er revisjonane for dei to målformene blitt samordna både i tid og i innhald.

Ved dei store rettskrivingsendringane har ikkje importorda vore noko eige viktig tema, slik at dei får berre sparsam omtale, og endringane i dei har knapt vekt nokon strid. Innstillinga om 1917-reforma har på s. 73 ei lita spalte om “Nogen laaneord”, som tek opp berre nokre gamle importord i språket med ulik form i landsmål og norsk-dansk/riksmål, f.eks. *plaaster* og *plaster*. Det blir understreka at riksmålsforma “nationalt sett er like god som landsmaalsformen”, og landsmålet skal ta inn desse riksmålsformene.

Derimot kjem det meir om ny skrivemåte av importorda i boka *Den nye rettskrivning* frå 1918 (Dep 1918). Viktigaste endringane (jf. Dep 1918, side 24 i riksmålsdelen og side 15 i landsmålsdelen) var

- at fleire ord fekk bytt ut *c* med *s* i innlyd (som *aksept*),
- omlegging til suffikset *-sjon* for tidlegare *-tion*, *-sion*, *-ssion*, som i *nation*, *revisjon*, *discussion* (med nokre få unntak),
- regulering av *e* - *æ* etter same prinsipp som for heimlege ord (Dep 1918: 5), dvs. at *æ* skulle skrivast berre når lyden var lang framom *r*: *portrett*, men *populær*,
- dobbelskriving av konsonant etter kort vokal blei også meir konsekvent gjennomført, f.eks. *artikkel*. Avleidde importord har konsonant som i grunnordet: *kapellan* (jf. *kapell*).
- at *j*, *ch*, *sch* skulle skrivast *sj*: *drosje*, *sjakk*, *sjalusi*,
- at *oi* skulle skrivast *oa*: *toilett* > *toalett*,
- at *ch* blei regulert til *kj* og *skj* framom *e*: *kjemi*, *skjema*,
- at *ll* [lj] skulle skrivast *lj*: *guerilla* > *gerilja*.

Etter alle desse endringane var det no etablert ein nokså fast måte å norvagisere på frå latin, gresk, fransk og tysk. “For ord frå desse språka vart det no berre spørsmål om ein ønskte ein norsk skrivemåte eller ikkje” (Grønvik 1980: 47). Desse grunnsetningane er seinare blitt følgde opp i mange ord fram til vår tid. Eit strukturdrag som enno i 2004 ikkje er norvagisert i skrift i franske importord, er utgangen på [an]: *restaurant, møblement, raffinement* osv. Einaste norvagiserte formene av denne typen er: *volang* og *presang*.

Vi ser dessutan at engelske importord begynner å melde seg i 1917 – her er nemleg verbet *trawle* med, og dermed er eit nytt prinsipp innført:

- engelsk *aw* > *å*: *trawle* > *tråle*,

På dei 55 åra frå 1862 til 1917 – som eigentleg er kort tid i språkhistoria – var det no utvikla eit system som skulle løyse dei fleste ortografiske flokane som var aktuelle på den tida.

	1862	1885	1907	1912–1917
Philosophie	Filosofi			
Technique	Teknik			
qualificere	kvalificere		kvalifisere	
Exempel		eksempel		
Zone		sone		
Provinds		provins		
Logis			losji	
Dusch			dusj	
Salon			salong	
Concert			konsert	
Nation				nasjon
neutral				nøytral
Portrait				portrett
Toilett				toalett
Guerilla				gerilja
jaloux				sjalu

I 1929 blei nemningane på dei to norske målformene endra ved stortingsvedtak: Landsmålet skulle kallast *nynorsk*, og norsk-dansk/riksmål skulle heite *bokmål*.

2.5. Opprydding 1938

I mandatet for rettskrivingsnemnda frå 1934 blir det teke opp att at “framandord må skrivast likt i baa måli”. I rettskrivingsinnstillinga frå 1935 (*Tilråding 35*) er ei spalte på s. 52 vigd til skrivemåten av “fremmedord”. Der blir det understreka kor vanskeleg det

er å finne beste skrivemåten, og at ein i slike ord ikkje kan gjennomføre verken den historiske eller den lydrette skrivemåten i alle orda. Det prinsipielle er uttrykt slik:

“Vanlige fremmedord bør en skrive lydrett så langt råd er. I mer sjeldsynte fremmedord, særlig i historiske, literære og tekniske ord, kan en derimot lettere la den gamle tradisjonelle (og oftest også internasjonale) skrivemåten stå ved lag.

Reglene bør av praktisk-pedagogiske grunner være så greie og lette å lære som mulig. Av det følger bl.a. at sideformer bare i nødsfall bør tillates. Like ens at fordelingen av to tegn for samme lyd såvidt mulig bør skje etter et fast gjennomført prinsipp: av den grunn foreslår vi at en skal skrive *centimeter*, men *prosent* (d.v.s. *c* fremst i ordet, *s* inne i ordet).”

Deretter kjem ei lang rad framlegg om ny skrivemåte av enkeltord.

I *Tilleggstilråding* frå 1936 (KUD 1936) viser 1934-nemnda til at

“[D]e fleste som har uttalt sig, krever at en skal gå enda lenger i lydrett skrivemåte – særlig når det gjelder c og s. Det er klart at dette vil være en lette for alle dem som ikke kjenner ordene fra fremmede språk.” (S. 11.)

I ei tilleggsliste i denne tilrådinga blir det ført opp ord først og fremst der *s*-en blir sett inn for *c*-en også i framlyd.

I sjølve vedtaket for 1938-rettskrivinga heiter det at

“[S]krivemåten av fremmedord er regulert mer i samsvar med uttalen. For sjeldnere fremmedord og tekniske fagord er likevel i regelen den tidligere skrivemåten fastholdt. I noen få tilfelle er dobbeltformer tillatt.” (S. 44.)

Den lange lista som følgjer det endelege vedtaket, inneheld nokså mange ord som skal ha ny skrivemåte, ikkje alle er heilt norvagiserte. Under bokmålsseksjonen finn vi den lengste lista pga. at nynorsken alt hadde den norvagiserte skrivemåten frå før.

Innstillinga frå 1935 var ei stor opprydding ved at prinsippa som var etablerte i tida 1862–1917, skulle setjast meir konsekvent ut i livet. Ved departementsbehandlina mellom 1936 og 1938 blei ryddelysta stagga litt. Ord som innstillinga frå 1935 nemner, men som ikkje kjem med i det endelege vedtaket, er: *insjenior*, *seleber*, *selle*, *sellulose*, *sjampanje*, *sjanger*, *sjenerell*, *sjeni*, *sjurnalist*, *sjåsé*. Fem av desse orda (*ingenior*, *generell*, *geni*, *journalist* og *chaussé*) er framleis ikkje norvagiserte.

1959

I *Framlegg til læreboknormal* frå 1957 er det ikkje noko eige avsnitt om importorda, men under ei liste over “einskildord med ulik form i dei to skriftmåla” står desse fem, som no skal ha felles eineform: *jon*, *lisens*, *marsjall*, *service*, *silhuett*, *vise-*. (I den endelege forma frå 1959 er forma *ion* innført att.) Det kan her nemnast at bokmålet hadde før hatt valfritt *service* – *servise*. Under ei liste med “Ord med eller utan e i utlyd” s. 75f. går *gravyr* og

kamuflasje inn som felles eineformer. I 1959 blei også *haik*, *handikap* og *vaier* norvagserte, og dei fortel tydeleg om kvar den nye ordstraumen kjem frå. Med ordet *haike* blei diftongen *ai* for første gong normert i norsk for engelsk *i* uttalt [ai].

Dei store rettskrivingsendringane var førebudde i egne komitéar. Men etter at det blei oppretta ei permanent språknemnd i 1952, og frå 1972 eit språkråd (med seksjonar for bokmål og nynorsk), kunne framlegg til endringar takast opp og behandlast oftare. Frå og med 1966 blei det dei fleste åra vedtekne nokre norvagserte skrivemåtar av ord.

2.6. Nyskandinavismen (1982–1987)

2.6.1. Nytt initiativ

Det nordiske språkmøtet på Røros i 1982 tok opp spørsmålet om ein felles skandinavisk stavemåte på ein del engelske ord. Nordisk språksekretariat var skipa i 1978, og iveren etter sterkare nordisk samarbeid var stor.

I eit brev av 27.10.81 skreiv Nordisk språksekretariat at

“Spørsmålet ble diskutert på arbeidsutvalgs- og sekretærmøtet i Nordisk språksekretariat 8.–9.10.81. Arbeidsutvalget understreket at spørsmålet om skrivemåten av fremmedord er en viktig sak både nasjonalt og nordisk. Språknemndene bør derfor anstrenge seg for å komme fram til så like prinsipper på det området som mulig. Et hovedprinsipp bør være å unngå skrivemåter som fjerner de nordiske språkene fra hverandre.”

På denne bakgrunn foreslår arbeidsutvalget at saken bør tas opp på det nordiske språkmøtet i 1982 under tittelen “Nasjonale og nordiske synspunkter på staving og uttale av fremmedord”.

2.6.2. Nordisk språkmøte på Røros i 1982

Det 29. nordiske språkmøtet blei halde på Røros 20.–22. september 1982. Den første møtedagen hadde professor Einar Lundeby som representant for Norsk språkråd ei innleiing der han trekte linjene heilt tilbake til det skandinaviske rettskrivingsmøtet i Stockholm i 1869. Han minte også om at spørsmålet om harmonisering av skrivemåten av importord hadde vore teke opp alt på det første nordiske språknemndmøtet, som blei halde i 1954, men at lite eller ingenting hadde skjedd seinare. På grunn av tidlegare erfaringar var Lundeby noko pessimistisk, men han meinte at det var gledeleg at forslaget om å ta opp dette temaet på dette språknemndmøtet var komme frå Danmark, som er det landet som sterkast held på skrivemåten i det långivande språket. Lundeby meinte at det var gode pedagogiske og demokratiske grunnar for å gå inn for nasjonal skrivemåte av mange ord, slik som det allereie er gjort eit godt stykke på veg i norsk.

Konsulent Oddrun Grønvik i Norsk språkråd gjorde greie for det norske materialet som var lagt fram. Der var eit dokument på 53 sider om “Framlegg om å vurdere å endra skrivemåten på ein del einskildord”. Dokumentet har med korte opplysningar om enkeltord som er tekne ut til nærare vurdering etter eitt eller fleire av desse omsyna:

- Ordet er mye brukt, anten i talemålet eller i skriftleg framstilling for store folkegrupper (lærebøker, aviser)
- Den norske uttalen er etter måten stabil.
- Ord som opphavleg hadde dei same bokstavkombinasjonane eller dei same avvika mellom skriftbilete og uttale, har vore endra før og har glidd inn i språket i den endra forma
- Skrivemåten er endra i nasjonal lei i svensk eller dansk.

Dei 5 punkta som er spesielt nemnde som problemområde, er:

- 1) vokalar og vokalkombinasjonar i engelske importord
- 2) nasaliserte vokalar i franske importord
- 3) bokstavane *c, q, w, x, y, z*
- 4) stumme bokstavar, særleg *h, t, e*
- 5) skrivemåtar for */sj/* eller */f/*

Grønvik hadde undersøkt det norske materialet og hadde funne ut at 40 av forslaga ville føre til ei tilnærming til svensk, 18 til ei tilnærming til dansk.

I debatten i samband med møtet hevda Lundeby at det var uheldig å godta utalandsk, særleg engelsk, skrivemåte utan vidare. Professor Eyvind Fjeld Halvorsen, som også representerte Norsk språkråd, var ueinig i det og meinte at det var ein fordel at små språk forholdsvis fritt kunne låne frå eit verdsspråk som engelsk. Han var også skeptisk til det som han oppfatta som antiengelske holdningar, som var særleg å merke hos somme yngre menneske.

Professor Kjell Venås, representant for Norsk språkråd, sa i debatten at hovudpoenget var at skrivemåten skulle vere lett å bruke for innbyggjarane i landet, og at *det* hadde vore eit grunnprinsipp i norsk måldyrking. Han spurde kor mange ekstra ‘dagsverk’ det tok for barn å lære seg å lese på grunn av vanskeleg rettskriving.

Språkmøtet vedtok å føre samarbeidet om saka vidare og å ta ho opp på det nordiske språkmøtet i 1983, som skulle haldast i Marstrand. Som ei oppfølging av språkmøtet på Røros blei det 18.3.83 halde eit arbeidsmøte om skrivemåten av importord i dansk, norsk og svensk.

2.6.3. Det 30. nordiske språkmøtet i Marstrand i 1983

På det nordiske språkmøtet i Marstrand 13.–15.9.83 presenterte Einar Lundeby den lista med forslag til endra bokstavering av importord i dansk, norsk og svensk som blei lagd

fram den 18. mars 1983 på møtet i Oslo med representantar for Dansk Sprognævn, Norsk språkråd, Nordisk språksekretariat, Svenska språknämnden og Svenska byrån i Finland.

“Mötet gick igenom listan och gjorde några mindre ändringar. Man beslöt att rekommendera språknämnderna i Danmark, Norge och Sverige att införa de ändrade stavningara av främmande ord i sina respektiva språk,”

heiter det i referatet frå møtet.

At det er vanskeleg å sameine ønsket om å norvagisere importord med omsynet til skrivemåten i dansk og svensk, går tydeleg fram i brev frå Dansk Sprognævn av 5.10.83 til Norsk språkråd:

“I anledning av den nyudsendte ordliste vil vi gerne gøre opmærksom på at Dansk Sprognævns arbejdsudvalg allerede på sit møde den 27.5.1983 nøje gennemgik den ordliste Norsk språkråd sendte ud med referatet fra arbejds-mødet i Oslo 18.3.83 om stavning af fremmedord. Arbejdsudvalget vedtog at afvise følgende stavforslag på forhånd:

kardigan, kåseri, kåsere, krål, kråle, fason, enkete, mannekin, blaser, nerts, sfagnum, byro, byrokrati, nivo, jalusi, jalu, vestibule, brasere, plæd, trål, tråle.”

Eit brev Norsk språkråd hadde sendt ut 23.9.83 til dei nordiske språknemndene, vekte bekymring m.a. i Nordisk språksekretariat, som i brev av 13.1.84 til Norsk språkråd blant anna uttalte:

“I et notat (datert 21.9.83) [...] heter det at “Norsk språkråd vil sjå på fleire framandord ut frå nasjonale omsyn”. Arbejdsutvalget ville beklage det dersom dette betyr at Norsk språkråd – uten å diskutere det med de andre språknemndene – vil gå lenger i å nasjonalisere skrivemåten av fremmedord enn det som det ble oppnådd enighet om på det nordiske språkmøtet. En slik ensidig nasjonalisering ville fjerne rettskrivningen i de nordiske språkene fra hverandre, og i noen tilfeller gjøre det vanskelig å gjenkjenne ordene, i hvert fall for folk utenfor Norge.”

Likevel vedtok årsmøtet 27.–28.1.1984 i Norsk språkråd ny normering i ei lang rad ord. Også Kultur- og vitenskapsdepartementet viser skepsis til iveren i Norsk språkråd i brev datert 5.9.84:

“Før departementet tar stilling til godkjenning av vedtak om skrivemåten av fremmedord, vil vi be om at saken først blir behandlet på nytt i Norsk språkråd, idet begrunnelsen for å endre innarbeidet skrivemåte i flere tilfeller synes svak.

I den forbindelse ønsker vi bl.a. å få presisert en del av de kriterier, ut over de retningslinjer som er referert i dokument til Det nordiske språkmøtet

i 1982, som Språkrådet legger til grunn for sitt normeringsarbeid i slike spørsmål.

Når det gjelder fornorsking av skrivemåten av fremmedord i forhold til harmonisering med skrivemåten av fremmedord i svensk og dansk, vil departementet antyde at hensynet til en best mulig tilpassing til norsk ofte bør gå foran ønsket om nordisk fellesnormering, og ber om synspunkter på dette.”

Dette brevet fekk til følge ein ping-pong-kamp mellom Språkrådet og departementet. Det blei svart slik i brev av 27.2.85 frå Norsk språkråd:

“Vi er enige med departementet i at hensynet til best mulig tilpassing til norsk bør gå foran ønsket om nordisk fellesnormering. [...]

Slike fornorskinger har to fordeler: 1) Den norske skrivemåten blir mer i samsvar med uttalen, 2) Skrivemåten blir mer lik i dansk, norsk og svensk. Det har sjølsagt aldri vært på tale å innføre skrivemåter som ikke samsvarer med norsk uttale av fremmedord. [...]

At fornorsking av fremmedord kan føre til at skrivemåten faller sammen med et annet norsk ord, er ikke noe sterkt argument mot fornorsking. Det vil bare dreie seg om en “ordboklikhet”, som ikke har noen praktisk betydning, da tekstsammenhengen i de aller fleste tilfeller vil gjøre det klart hvilket ord en har foran seg.

Vi mener at det ikke kan være noe krav at et fremmedord skal kunne identifiseres som fremmedord. Det er sikkert mange nordmenn som ikke aner at *sjåfør*, *biff* og *streik* opprinnelig har vært skrevet *chauffeur*, *beef* og *strike*, skrivemåter som ikke lenger er gyldige i norsk.”

Språkrådet tok saka opp att på årsmøtet i 1985, og departementet godkjende 22.7.85 så dei fleste skrivemåtane, nemleg i 56 ord.

“Vedtakene om skrivemåten av fremmedord i brev av 16. februar 1984 godkjennes med unntak av:

- *kabincruiser* og *kommandosoldat/kommandoraid* for *cabincruiser* og *commandosoldat/commandoraid*
- *dykdalb* for *duc d'albe*
- *kvilte* for *quilte*
- *sjaslik* for *schaslik*

Følgende nye valgfrie former godkjennes heller ikke:

- *pes/pese* ved siden av *pace*
 - *sprei/spreie* ved siden av *spray/spraye*
 - *fait/faite* ved siden av *fight/fighte*
- Ressurs/resurs* skal være valgfrie former.

Vi viser ellers til vårt brev av 5. september 1984 der vi bad om en drøfting av prinsippene for normering av fremmedord og nevnte en del punkter som vi ønsket avklart. Vi ber igjen om at Språkrådet drøfter disse problemstillingene”.

Den 11.02.86 blei det halde møte mellom representantar for Kultur- og vitskapsdepartementet og Norsk språkråd om godkjenning av rettskrivingsvedtak – særleg importord. Språkrådet gjorde det klart at det meinte det var problematisk at departementet overprøvde faglege avgjerder og kom fram til eit anna resultat. Språkrådet hadde oppfatta arbeidsdelinga slik at departementet kunne ta opp prinsipielle spørsmål, mens detaljane skulle overlatast til Språkrådet.

Språkrådet følgde opp saka vidare med brev datert 26.6.87 til Kultur- og vitskapsdepartementet og viste til eit foredrag Einar Lundeby hadde halde for Norsk språkråd. Det nordiske omsynet vog tungt for Lundeby:

“Imidlertid har vi én retningslinje for Språkrådets virksomhet som må tas hensyn til ved all normering av norsk; det nordiske synspunktet. Det står i loven om Språkrådet at vi skal “fremme og delta i nordisk samarbeid om språkdyrking”. Derfor bør vi ved enhver behandling av fremmede ord samrå oss med danskene og svenskene. Dermed kan vi forhindre at nye fremmedord fjerner dansk, svensk og norsk unødig fra hverandre, og tvert imot oppnå større likhet. Det var det nordiske hensynet som særlig lå bak innføringen av *resurs* med én s, valgfritt.

Det kan tenkes at det nordiske synspunktet kan komme i veien for å normere til lydrett skrivemåte i norsk. Da har departementet i sitt brev av 5.9.1984 sagt at det vil “antydde at hensynet til en best mulig tilpassing til norsk ofte bør gå foran ønsket om nordisk fellesnormering”, og ber om våre synspunkter på dette. I prinsippet må vi vel være enige.”

Desse mange drøftingane på 1980-talet gav bakgrunn for mange interessante problem, og dei påverka det som skjedde på 1990-talet ved at Kulturdepartementet tok utgangspunkt i foredraget åt Lundeby da det i 1996 vurderte dei nye norvageringsframlegga frå Språkrådet, som vi kjem til nedafor. Departementet gav i brevet til Språkrådet våren 1996 eit godt og punktvis oversyn over dei viktigaste prinsippa frå 1987:

- “1. Det må først vurderes om det fremmede ordet kan få en norsk erstatning, eller om det bør godtas i sin fremmede form. Et norsk avløserord er å foretrekke så sant det kan finnes.
2. Når det dreier seg om navn på nye konkrete ting eller begreper som det ikke lykkes å finne noe norsk ord for, må det fremmede ordet godtas.
3. Særlig engelske ord har ofte en helt annen lydstruktur og et annet bøyningsmønster enn det som er vanlig i norsk, og dersom den norske uttalen ikke har tilpasset seg det fremmede ordets skriftbilde, må det vurderes nærmere om ortografien skal fornorskes.

4. Tilpasning av ortografien bør ikke skje før ordet er kommet i temmelig utstrakt bruk i allmennspråket. Fornorskning bør i regelen ikke skje dersom ordet har sitt bruksområde avgrenset til et fagspråk.
5. Fornorskning bør som hovedregel ikke skje før ordet har fått en fast eller i alle fall dominerende uttale, slik at en vet hva stavemåten skal gjengi.”

Alle drøftingane på 1980-talet gav ein del resultat for norsk skrivemåte, og dei vekte ei viss interesse hos publikum. Men samtidig viste dei at nordisk eller skandinavisk samarbeid i bokstaveringa er vanskeleg. Det skaper problem på detaljnivå, og det skaper prinsipielle motsetningar. Det gjorde nok at det nordiske perspektivet blei mindre drege fram på 1990-talet.

2.7. Ei ny vending frå 1990

2.7.1. Trailer/treiler

Med utgangspunkt i eit brev til Norsk språkråd om ordet *trailer* sende professor Dag Gundersen 7.6.90 brev til Norsk språkråd, der han sjølv var medlem, og understreka at:

“Jeg tror en bør legge mer vekt på at anglisimer er av mange typer, og at det ikke er nødvendig å bekymre seg like sterkt om alle.

En innvending mot Språkrådets aksjon, tilmed fra lingvisthold, er at norsk til all tid har vært et låntakerspråk; det er ikke unormalt at lånord kommer inn og med tiden blir mer eller mindre tilpasset. Dette er en relevant innvending. En annen innvending som er reell nok for dem som den kommer fra, er at ordene vanskelig lar seg erstatte i fagmiljøet, eller at navn med engelsk sveip selger bedre enn et tilsvarende norsk navn.

Det som mangler, er en behandling av dette ordmaterialet i større bredde og etter praktiske prinsipper, ikke som hittil én endring nå og én endring da. Jeg vil fremme konkret forslag om at kyndige folk i Språkrådets regi tar for seg flest mulig anglisimer og ser på dem fra siktepunktet: Lar de seg omdanne til hjemlig-klingende ord eller til fremmedord som er forenlige med norsk struktur? I så fall fremmer Språkrådet forslag om slik omdanning.

Foruten å gjøre ordene enklere å hanskas med er hensikten å få ned i et rimeligere volum den mengden av anglisimer som det virkelig trengs avløsere for. [...]

Til noen av ordene ovenfor fins det fornorskingsforslag, men en må kunne innrømme at mange av disse treffer dårlig. Det er flere vanlige bruksmåter av *input*, *output* som på ingen måte svarer til “inndata”, “utdata”. Et ord som *mobbing* betyr ikke lenger “gruppevold” når det er allment akseptert

at ett menneske kan mobbe et annet. Ordet er også et typisk eksempel på anglismer som ikke trenger noen avløser.

Et språk som norske normerere sjelden ser hen til, men som kan danne mønster her, er russisk. Der går man langt i å nasjonalisere skrivemåten etter uttalen, til og med i egennavn som “Longirbjoen” (Longyearbyen). I Berkovs russisk–norske ordbok fra 1987 finner man *konteiner*, *displei*, *lobbi*, *matsj* og *treiler*. [...]

Når det gjelder *trailer*, foreslår jeg at *treiler* blir tillatt skrivemåte.”

Fagnemnda var på møtet 19.6.90 enig i at Gundersen peikte på eit sentralt, men vanskeleg og arbeidskrevjande problem. Sekretariatet blei bedt om å samle materiale som kan gi eit breitt grunnlagsmateriale for å drøfte saka.

2.7.2. Norvagiseringsåret 1996

Fagnemnda i Språkrådet drøfta ikkje prinsipp-saka igjen før i 1993. Ymse retningslinjer blei da diskuterte, men det var ikkje fleirtal for å gjere prinsippvedtak. Brevskiftet med departementet og saksarbeidet fram til 1987 blei ikkje presentert, slik at verken fagnemnda eller årsmøtet i Språkrådet rekna med at det låg føre vedtekne og styrande retningslinjer. Fem av dei åtte fagnemndmedlemmene var komne inn i Språkrådet etter 1987.

Ettersom vedtak om normendringar berre kan gjerast ved utgangen av kvar valperiode, kom saka no opp på årsmøtet i januar 1996. Framlegga frå fagnemnda til årsmøtet i januar 1996 var plukka ut på eit felles skjønn for kva ord som var aktuelle, og forma som orda hadde fått, var òg basert på eit fleirtalsskjønn for kva skrivemåte som ville høve på norsk. Fagnemnda gjekk heller ikkje ut med noka grunngeving for framlegga. Dermed kan ein forstå noko av “sjokket” som kom i media da den umotiverte lista blei kjend.

Årsmøtet i Språkrådet i januar 1996 godtok med overveldande fleirtal norvagisert skrivemåte i om lag 60 ord. Årsmøtet avviste berre 5 av framlegga frå fagnemnda (*jåt*, *pøbb*, *pøkk*, *sjov*, *tim*).

Da vedtaka i Språkrådet blei oversende Kulturdepartementet, såg departementet det slik at “retningslinjene fra 1987 [...] utgjør [...] et naturlig utgangspunkt for departementets vurdering” (brev frå departementet 23.5.96). Med å vise til prinsippet om at “[o]rdet bør ha fått en fast eller iallfall dominerende uttale”, kunne departementet førebels ikkje ta stilling til vedtaka om ny skrivemåte av ord “der bokstaven *a* i engelsk uttales tilnærmet norsk /æ/”. I tillegg nemner det også framlegga om ny skrivemåte av *booke* (inf., eng. *book*), *rush*, *spray*, *display* og *pace* (dvs. *boke*, *rusj*, *sprei*, *displei*, *pes*). Departementet godkjende 46 norvagiserte ord og sette 15 på “venteliste”. Desse 46 kom i tillegg til ordvedtaka som ikkje trong godkjenning i departementet pga. at dei var unormerte før (*kaps*, *rapp*, *snaksy*), og dermed omfatta norvagiseringa i 1996 49 ord.

*Skrivemåten sørvis har også nådd
annonsane. (Frå Romsdals Budstikke
17.1.04.)*

I arbeidet i fagnemnda hadde somme lagt vekt på at ein ny skrivemåte nettopp kunne vere med og påverke den framtidige uttalen av dei aktuelle orda, og at det var både ønskjeleg og truleg at ein bokstavrett uttale av vokalen ville sigre. Synsmåten i fagnemnda var altså ein annan enn den Lundeby formulerte i 1987. Derfor skriv også departementet at “[v]i kan imidlertid ikke se at det foreligger noen prinsipiell avklaring, og vi legger særlig vekt på at de aktuelle skrivemåtene ikke synes å være eksplisitt vurdert i forhold til retningslinjene fra rådsmøtet i 1987.” Det skriv ein annan stad i brevet:

“Før man går videre med tilsvarende normeringer finner departementet at det er behov for en nærmere vurdering knyttet til hovedregelen om at fornorskning ikke bør skje før ordet har fått en fast eller dominerende uttale.”

I vedtaka frå 1996 om ny skrivemåte gjennomførte Språkrådet valfridom mellom norvagisert og engelsk stavemåte unnateke i seks ord. Departementet kommenterte at det såg valfridomen “som en hensiktsmessig ordning og finner det i så måte vanskelig å gjøre unntak”. Dermed gjennomførte det valfridomen meir konsekvent.

Det hører med til denne saga at det vinteren 1996 blei ei sjeldan stor offentleg interesse for desse rettskrivingsspørsmåla. Alt før årsmøtet i januar var det komne mange avisinnlegg om framlegga til norsk skrivemåte, og etter årsmøtet gjekk debatten enda meir intenst. Om lag 500 avisinnlegg er registrerte frå denne norvagiseringsdiskusjonen, og det har knapt vore så stor interesse kring ei språkrådssak nokon gong. Svært mange av innlegga var imot eller ironiske til Språkråds-vedtaka, f.eks. var orda *sørvis* og *gaid* dei som tydeleg vekte sterkaste reaksjonane. Svært mange innlegg appellerte nok til at dei norske skrivemåtane var “latterlege”. Dei positive innlegga viste til den historiske samanhengen og kor naturleg det no var for oss å skrive f.eks. *byråsjef* i staden for “bureauchef”. Sjølve årsmøtet blei også dekt grundig i både radio og fjernsyn. Ein skal ikkje sjå bort frå at den grundige departementsbehandlinga hadde noko av bakgrunnen sin i denne store medieinteressa.

2.7.3. Prinsipp blir vedtekne i 1998

Kulturdepartementet nemnde i brevet frå 23.5.96 at det ønskte å få ei fagleg utgreiing om norsk skrivemåte av importord, det som normeringsteknisk er blitt kalla *nor-*

Rørleggersørvis

- Modernisering av bad – rørapplegg
- Gulvvarme – varmpumper
- Kamerakontroll av rør
- Sentralvarme – oljebrennere

VVS-team AS
Verftgata 8, Molde www.vvsteam.no
Tlf 71 21 53 90 – 913 60 120

Bademiljø Best på bad

vagisering. Målet er at ei slik utgreiing skulle

“danne basis for en bred drøfting av mulige omforente retningslinjer for normering av fremmedord i norsk. [...]

Departementet ser det som ønskelig å utvikle et bredere faglig og språkpolitisk grunnlag for fremtidige normeringer. I den forbindelse ber vi om at utredningen også gir en mest mulig uttømmende analyse av andre relevante spørsmål knyttet til norvagisering av fremmedord, herunder hvilken vekt som bør tillegges hensynet til nordisk samordning i slike rettskrivningsspørsmål. Det bør særskilt drøftes hvilken reell betydning dette eventuelt har for den gjensidige språkforståelsen i Norden.

I debatten i forbindelse med vedtakene på Språkrådets møte i januar har det blant annet vært spørsmål om i hvilken utstrekning den offentlige normering skal være med på å styre språkutviklingen, eventuelt om den skal begrense seg til å være av mer registrerende art. Departementet er klar over at dette er et omfattende tema, men det er likevel grunnleggende, og vi forutsetter derfor at det gis nødvendig oppmerksomhet i utredningen.

Et spørsmål som må drøftes i forhold til norvagisering av engelske fremmedord, er betydningen av den økende kunnskap i engelsk språk som den norske befolkning etter hvert har ervervet seg, og i hvilken utstrekning det er hensiktsmessig at velkjente engelske ord har ulik skrivemåte i engelsk og norsk.”

Departementet inviterte altså Språkrådet til å arbeide grundigare med saka. Rådet sette ned ei referansegruppe til å drøfte spørsmåla. Helge Sandøy blei bedt om å leie prosjektet, og det blei sett ned ei referansegruppe med desse medlemmene: Ingvar Engen (Kulturdepartementets representant), Tor Guttu, Arnbjörg Hageberg, Lars Anders Kulbrandstad og Lars. S. Vikør. Ellen Skolseg blei engasjert som medhjelpar til å lage ei mindre gransking av skriftleg og munnleg materiale.

Utgreiinga *Lånte fører eller bunad? Om norsk skrivemåte av importord* (Sandøy 1997) blei levert i august 1997. Etter ein høringsrunde same hausten kunne utgreiinga leggjast fram for årsmøtet i Språkrådet 12.–13. februar 1998. Det gjorde dette vedtaket:

“Prinsippene i kapittel 7 i utredningen *Lånte fører eller bunad?* legges til grunn ved normering av importord.

Språkrådet mener for øvrig at norvagiseringen bør foregå i et moderat tempo hvor man tar rimelig hensyn til reaksjoner fra publikum.”

Riksmålsorganisasjonane hadde i høringsrunden og debatten gått sterkt ut mot eit vedtak til støtte for prinsippa i *Lånte fører eller bunad?*, og siste setninga i den siterte vedtaksformuleringa (dvs. om *eit moderat tempo*) sette Språkråds-leiaren inn for å prøve å dra riksmålsfløya med i eit samrøystes vedtak. Det lykkast ikkje, seks stemmer gjekk likevel imot, mens 28 medlemmer var for det siterte vedtaket.

Prinsippa som blei vedtekne i 1998 om arbeidsmåten i Språkrådet og for korleis ein skal bokstavere norvagiserte ord:

- “1 Dersom nye ord som blir tekne i bruk i norsk allmennspråk, ikkje alt har ei form som høver inn i det norske ortografiske mønsteret, skal ein gi dei norsk ordform (ved anten fornorsking eller norvagisering).
- 2 Ein skal prioritere arbeidet med å finne norske avløysarord for heilt nye engelske fremmeldord.
- 3 Det er ei oppgåve for Språkrådet å “overvake” språksituasjonen slik at det kan finne ut i kva høve ein bør satse på eit avløysarord, og i kva høve det skal arbeide for ei norvagisert ordform.
- 4 Ein bør arbeide for at flest mogleg av importorda som går inn i allmennspråket, blir norvagiserte.
- 5 Ord som det er fagterminologisk grunn for å norvagisere, skal følgje dei same prinsippa som allmennspråklege ord.
- 6 Når det gjeld importord som er vanskelege å tilpasse norsk lydstruktur, bør ein prioritere arbeidet for eit norsk avløysarord.
- 7 “Det bør vises tilbakeholdenhet med forandring av termer som er i internasjonal bruk, f.eks. målenheter, særlig når ordet er avledet av et navn. Eksempler *becquerel, pasteurisere*.” [Lundeby 1987]
- 8 Engelske ord som er bygde opp slik at dei er gjennomsluktige også for nordmenn som kan engelsk, bør ein vere tilbakehalden med å norvagisere. Ein bør først satse på å få innarbeidd omsetjings- eller avløysarord for dei. Engelske ordstammar skal ein derimot vurdere å gi norvagisert skrivemåte, ev. i tillegg til at ein kjem med framlegg om avløysarord.
- 9 Ord som refererer berre eller nesten berre til saksforhold i engelsktalande land, bør halde på den engelske skrivemåten. Det same må i ein viss grad òg gjelde for ord frå språk som færre nordmenn kan. [Slike ord blir gjerne omtalte som *eksotika*.]
- 10 Når ein skal avgjere om ein bør satse på norvagisering eller avløysarord, bør ein jamføre med situasjonen i dei skandinaviske grannelanda.
- 11 Når importorda går inn i allmennspråket, bør Språkrådet snarast råd vurdere om det skal foreslå eit avløysarord eller vedta ei norvagisert ordform – eller gjere begge delar.
- 12 Ein skal norvagisere nye importord etter det dominerande mønsteret for tilpassing til norsk uttale.
- 13 Norvagiserte ordformer skal ha same skrivemåte i bokmål og nynorsk.
- 14 Norvagiserte substantiv, verb og adjektiv skal setjast inn i norske bøyingsklassar slik at dei får tradisjonelle norske bøyingsendingar.
- 15 Adjektiv i nøytrum får konsonantforenkling framfor *-t: røff – røft*.
- 16 Dei norvagiserte orda skal følgje nærare definerte prinsipp som er lista opp i utgreiinga [*Lånte fjører eller bunad?*].

- 17 Når eit ord med dominerande utalandsk skrivemåte er nytt i skriftnorma, bør ein tillate både utalandsk og norvagisert skrivemåte.
- 18 Når ei norvagisert ordform har vore tillaten og brukt i 20 år, bør ein vurdere å gjere ho til eineform.
- 19 Når Språkrådet blir spurt til råds om skrivemåten, skal det gi uttrykk for at ein helst ser at den norvagiserte skrivemåten blir brukt der han er tillaten. Språkrådet sjølv skal halde seg til dei norvagiserte skrivemåtane.
- 20 Ord som ikkje har vore behandla og normerte før, kan leggjast fram for årsmøtet kvart år.
- 22 Fagnemnda førebur framlegga og bør så langt råd prøve å behandle ord i grupper.
- 23 Språkrådet prioriterer arbeidet med dei ordgruppene som kan behandlast etter etablerte norvagiseringsmønster.

2.7.4. Systematisk opprydding i 2000

Første gongen prinsippa frå 1998 kunne prøvast ut for fullt, var på årsmøtet i 2000, dvs. ved utgangen av valbolken. Ein vanske med vedtaket frå 1998 var å finne fram til kva som kunne reknast som “moderat tempo” og “reaksjoner fra publikum”. Publikumsreaksjonar, f.eks. avisinnlegg, var det nesten ingen av i 1998 da prinsippa var oppe, og dermed kan ein ikkje vise til at publikum er imot. Dersom ein vil vurdere publikumsreaksjonane etter kor mange norvagiserte former blir brukte i skrift, dvs. etter kor sterkt folk legg om språkvanane sine, må ein vente så lenge at det ville vere meiningslaust om ein i mellomtida – mens stadig nye ord kjem inn – skulle la vere å vedta noko. Da ville ein berre komme meir og meir i bakleksa.

Eit moderat tempo kan vurderast i forhold til språksituasjonen: Ordboka *Nyord i norsk 1945–1975* (red. av Vigleik Leira) viser at det på 30 år kom inn 589 ord frå engelsk som var problematiske sett i forhold til det norske ortografiske systemet. I tillegg kom 162 problematiske ord frå andre språk. Dette blir 751 ord i alt og i gjennomsnitt sirka 25 per år. Vi kan truleg rekne med at talet har gått opp i tida etter 1975, særleg talet på ord frå engelsk. Det vil seie at dersom vi skulle “halde tritt med utviklinga”, burde vi kanskje ha norvagisert om lag 30 ord per år, eller 100–120 ord per fireårsbolck. (Kvar valbolck i Språkrådet er på fire år.) I tida frå 1963 til 1998 blei 168 allmennord norvagiserte, dvs. gjennomsnittleg 19 per fireårsbolck.

Fagnemnda kom i 2000 med om lag 60 framlegg, og ho konsentrerte dei om to ordgrupper: a) ord som i den utalandske skrivemåten har berre éin konsonant etter kort trykktung vokal, og b) ord der den utalandske eller tradisjonelle skrivemåten har *c* som blir uttalt som *s*. Dei aktuelle orda, både nyinnkomne og slike som var normerte tidlegare med utalandsk bokstavering, blei sikta gjennom den silen som norvagiseringsprinsippa utgjær: Samansetningar, fagord, ord for måleiningar, ord med

fremmend lydstruktur og eksotika skal ikkje norvagiserast. Etter dette utskiljingsarbeidet stod nemnda att med 17 framlegg under gruppa a, og 34 under b.

Med unntak av *spott* for *spot* gjekk alle framlegga igjennom på årsmøtet, dei aller fleste blei vedtekne med svært store fleirtal. Av frekvente tidlegare normerte ord som no fekk norvagisert skrivemåte, var f.eks. *jett*, *bagg*, *sene*, *fascinere* og *fasist*, som no altså er valfrie til dei utalandske *jet*, *bag*, *scene*, *fascinere* og *fascist*. Dette vil seie at den systematiske arbeidsmåten fagnemnda hadde lagt opp til med bakgrunn i 1998-vedtaka, og den tolkinga ho hadde gjort av moderat tempo, blei støtta på årsmøtet. Dette kunne ein tolke slik at det er staka ut ein kurs for korleis Språkrådet kan og skal arbeide målmedvete med norvagisering. Dermed kan også normeringsarbeidet vidare bli mindre prega av tilfeldige vedtak. Men om ein i praksis vil halde fram på denne kursen, er sjølvsagt avhengig av den politiske viljen som finst i Språkrådet ved kvar enkelt behandling.

Omfanget på vedtaka i 2000 var om lag som i 1996, men heller ikkje denne gongen blei det nokon stor offentleg debatt om saka. Det mest “oppsiktsvekkjande” framlegget og vedtaket gjaldt nok *pirse*. Det vedtaket markerer mest ein offensiv politikk frå Språkrådet si side. Dette engelske ordet (*pierce*) var først brukt i 1993 i norsk skriftmål, og moten har seinare gripe sterkt om seg i ungdomskulturen, slik at ordet er mye brukt. Uttalen av ordet har nok enno ikkje blitt fast, så her kan ein norsk skrivemåte også skunde på norvagiseringsprosessen i talemålet.

Denne gongen hadde Språkrådet skrive grunngevingar for framlegga, og alt var tilgjengeleg på nettsidene – som på berre få dagar hadde ca. 3000 besøk! Denne siste erfaringa med å spreie informasjon gav òg nyttig erfaring.

2.7.5. Ny offentleg disputt i 2004

Før årsmøtet i 2004 førebudde fagnemnda nye grupper ord til norvagisering, nemleg ord skrivne med *c* og *ch*, men uttalte med *k*. Med å ta utgangspunkt i *Tanums store rettskrivningsordbok* (1996) hadde ein ei liste på over 750 ord med aktuell konsonantisme. Ettersom retningslinjene for norvagisering presiserer at ein skal arbeide med allmennspråket, kunne denne lista nedkortast til 47 allmennord. Derifrå trekte ein så bort eit eksotikum (nemleg *cockney*) i samsvar med prinsipp nr. 9, og det endelege framlegget som fagnemnda sende over til årsmøtet, var på 46 ord av desse to gruppene og 7 andre som var blitt aktualiserte av andre grunnar, m.a. etter innsende framlegg frå ein språkrådsmedlem.

Norsk skrivemåte av seif har nådd fram-
sida av Romsdals
Budstikke,
25.5.04.)



Riksmålsrepresentasjonen i Språkrådet var auka i denne valperioden frå 2000 ved at medlemmer innvalde frå andre instansar enn riksmålsrørsla var erklærte riksmålstilhengarar. Ettersom riksmålsrørsla har vore prinsipielle motstandarar av norvagisering, blei motstanden sterkare på årsmøtet i 2004 enn fire år før. For dei enkeltorda der riksmålsblokka på seks medlemmer fekk med seg minst tre andre i ein skepsis, stoppa dei forslaget i bokmålsseksjonen (på 17 frammøtte), og dermed kunne ikkje forslaget gå vidare til nynorskseksjonen, som elles har tradisjonen for å støtte mannjamt opp om norvagiseringsframlegg. Ein presseoffensiv få dagar før årsmøtet hadde 'latterlegheit' som fokus, og det innverka nok på avstemmingane. No fall 19 av forslaga (f.eks. *beiken*), mens 34 norvagiseringar (f.eks. *koil* og *korny*) passerte.

Språkrådet hadde denne gongen i motsetning til i 2000 ikkje førebudd saka med noka grunngeving på nettet. Når ein såg dei store tilslaga eit orienterande dokument fekk i 2000, kan det tyde på at den manglande tilgangen på informasjon og grunngeving svekte framlegga frå fagnemnda.

3. Norsk bøyning

Importerte ord i norsk blir jamnast tilpassa norsk bøyning. Det skjer nesten alltid med verb (89 % av tilfella), og mye med adjektiv (35 %) og substantiv (22,5 %). Desse tala er henta frå Anne Line Graedler (1996: 70) og byggjer på det totale talet av importord ho fann i korpuset sitt, dvs. både ord som er lite brukte, og slike som er meir allmenne i norsk. (Innverknaden frå dei ev. mange, men lite brukte "sitat"-ordagjer at ein må vere varsam i tolkingane av tala.)

Største normeringsproblemet er fleirtalsendinga i substantiv. I undersøkinga åt Graedler (1996: 76) gjekk det fram at 42 % av substantiva i ubestemt form fleirtal stod med norsk fleirtalsending, mens 58 % fekk engelsk *-s*.

I rettskrivinga er det svært fåe unntak frå den norske bøyninga. Einaste orda med obligatorisk fleirtals-*s* er *fan*, *mile*, *slide*, *still*. Av desse har dei to første *-ene* i bestemt fleirtal, dei to siste *-sene*. Berre det første av orda har nokon frekvens i språkbruken. Og er det tale om fleirtalsbetydning, er nok kollektivordet *fans* det vanlege, og det er eit eintalsord som følgjer det vanlege norske mønsteret med å la engelsk fleirtals-*s* gå inn i ordstammen, som f.eks. i *ein bunkers*, *ein pins*.

Ei undergruppa av denne siste typen representerer ein ny bøyingskategori i norsk pga. at den ubestemte fleirtalsforma av desse orda har valfritt inga ending eller *ar* i nynorsk og *er* i bokmål: *fleire pins/pinsar* (nynorsk), *flere pins/pinsar* (bokmål). I bestemt fleirtal er vanleg bøyning med *-anel/-ene* obligatorisk, dvs. nynorsk *pinsane* og bokmål *pinsene*.

Ei sterk tilpassing ser vi òg i at det er innført samandraging etter tradisjonelt mønster: *ein gospel* – *fleire gosplar*.

I adjektiva finst det tradisjonelt nokre unntak for nøytrumsendinga, slik er det f.eks. med det gamle ordet *edru*. Men dei nye adjektiva går ikkje utan vidare inn i den gruppa;

dei får oftare vanleg bøyning med *-t*: *tøft*, *kult*, *seift* osv. Dei to første har i praktisk språkbruk også denne bøyinga, det siste – som er det nyaste ordet – kan framleis vakle noko. I fleirtalsbøyinga er òg mønsteret med *-e* gjennomført: *tøffe*, *kule*, *seife*.

I dei etablerte importorda som det er blitt gjort normeringsvedtak om, er det altså gjennomført svært konsekvent norsk bøyning, og det representerer nok også det vanlegaste bruksmønsteret. Dei orda som vaklar, er heilt nye ord, dvs. slike som enno ikkje er så etablerte at det er vurdert å normere dei.

4. Fornorsking

4.1. Språkreinsing

Den aktive språkreinsingstradisjonen vi står i, har røtene sine i tysk språkpolitikk på 1700-talet. Danske språkmenn følgde med i dei nye straumdraga og laga da ei mengd danske ord til avløyning for dei latinske; ofte var dei danske glosene parallelar til dei tyske. Frå den tida har vi heilt sjølv sagde ord som f.eks. *sannsynleg*, *dømmekraft*, *sjølvbevisst*, *fordom*, *forfattar*, *etterslekt*, *innskjerpe*, *sjølvtilitt*, *tiltru*.

Avløyingsord blei det laga før den tida også, som da ein tok i bruk *himmel* og *helvete* (i norrønt *himinn* og *helviti*) i staden for *caelus* og *īnfernus* på latin (og *uranos* og *hades* på gresk). Men desse avløyingsord høyrer heime i dei spontane lagingane, dvs. at dei er ord som blei til nesten automatisk som ei forklaring av eit nytt omgrep. Dei var neppe ein del av ein medveten språkpolitikk, for ein språkpolitikk føreset at ein har skapt ein ideologi eller ein tanke om gitte avgrensa språk som ‘dansk’ og ‘norsk’. Det kom først etter mellomalderen. Den nye måten å tenkje på og å fokusere på språket på veks hos oss fram saman med oppbygginga av ein organisert stat som skal gripe om heile samfunnslivet. Språkomgrepet blir ein del av ein politisk ideologi etter reformasjonen, og purismen på 1700-talet kan vi sjå på som ein måte å markere denne ideologien på ved å skape eit tydelegare ideal for kva som var ‘det danske språket’. (Sandøy 2000.) Den politiske funksjonen åt purismen er alltid å markere eit særsmål.

Knud Knudsen (jf. under punkt 2.3.1.) var ein ivrig ordlagar samtidig som han arbeidde for å føre normeringsgrunnlaget for det tradisjonelle skriftmålet over til norsk, og skapte det vi gjerne omtalar som norsk-dansk. I 1881 gav Knudsen ut ordboka *Unorsk og norsk – eller fremmedords avløsning*. Boka er på nesten 1000 sider og inneheld uendeleg mange framlegg til norske ord som skulle kunne brukast til å avløyse importord i språket vårt; mange av dei norske orda hadde Knudsen sjølv laga. Ingen nordmann har vel gjort meir arbeid for å utvikle avløyingsord på norsk.

Berre ei lita handfull av framlegga åt Knudsen, kanskje under ti, kan seiast å ha fått gjennomslag. For eksempel har *bakstrev* og *bakstrevar* fått innpass i norsk – rett nok ikkje til avløyning for *reaksjon* og *reaksjonær*, men i tillegg til dei gamle importorda. Andre levande ord frå Knudsens hand er *ordskifte* og *tonelag*. Men kva har vi så gjort med resten, med. f.eks. *Realisation*, *Rebel*, *Recept*, *Reception*, *Reces*, *Recitation* osv.? Vi har “pussa dei opp”, likeins som vi har gjort med *Reaktion* og *Reaktionær*.

reaksjon, reaksjonær, realisasjon, rebell, resept, resess og resitasjon. Vi har gitt orda ein skrivemåte som viser at vi har godteke dei som norske.

Ivar Aasen var sjølvsagt også oppteken av ordlaging, for han skulle skape eit nytt særsmål, landsmålet. Han laga inga avløyarsordbok. Men i skriftene sine var han nøyen i ordvalet, og der skapte han nye ord. Boka *Heimsyn* (1875) er nok skriven med det som motiv at han skulle beskrive ein del abstrakt og teoretisk stoff på det nye språket, og dermed kunne han i teksten få presentert nylaga norske ord. Her er altså publiseringsstrategien ein annan. Boka er eit slags leksikon (eller *allkunnebok*), og eksempel på ord han presenterte der, er

midlina – ekvator
vendingstreket – vendesirkel
toppmåt – senit
varmebelte – trope
polringen – polarsirkelen

Knapt noko av desse orda har slått igjennom. Også Aasen sådde mange ord på steingrunn.

Purismen har og har hatt ein politisk funksjon. Men språkrensinga har også ein språkleg funksjon: Dei kjende heimlege orda appellerer meir til fantasien enn dei utalandske. I mange tilfelle – men ikkje alltid – er det ein fordel, for orda blir fylte med fleire assosiasjonar. Derfor lagar brukarane mange ord heilt spontant utan at språklege instansar har organisert noko tiltak. Da den nymotens leika *tamagotchy* blei introdusert sommaren 1997, fekk ho ein del presseoppslag. Men etter kort tid hadde einkvan i handelsnæringa døypt leika om til *datadyr*, eit svært treffande ord på norsk. Og det var sjølvsagt lettare å assosiere, forstå og hugse for nordmenn. (I dag er leika alt forsvunnen att, og dermed snart ordet også.) På 1960- og 1970-talet var *feedback* eit svært vanleg substantiv i norsk allmennspråk, men litt moteprega. (Det blei først registrert i 1962.) Seinare er det ordet blitt fullstendig avløyst av *tilbakemelding* – i tydinga ‘respons’. Det ordet er berre nyleg komme inn i ordbøkene i denne betydninga, og ingen veit kven som har laga ordet.

I somme tilfelle kjenner vi til sjølve opphavet åt orda, som f.eks. da to norske politikarar (Gudmund Harlem og Karl Evang) rett etter andre verdskrigen kom på at den planlagde rehabiliteringslova burde heite attføringslova. Dermed var eit særnorsk (og nynorskprega) ord sikra plass i norsk allmennspråk. I 1912 brukte Harry Fett ordet *brukskunst* for første gong, og det gjekk fort inn som eit sjølvsagt ord. *Døgnrytme* kom i 1937 i ei bok av overlege Haakon Sæthre. Det engelske ordet *handout* om opptrykte ark ein distribuerer i samband med ei forelesing, har vore eit mye brukt ord gjennom vel ein generasjon, og det har vore litt “uhandterleg” i norsk pga. lydforma. Men etter eit relativt langt liv fekk ordet konkurranse da ordet *støtteark* blei sett til verda nokså tilfeldig av ein kreativ person, Dagfinn Worren, i 1990. Kollegaen Oddrun Grønvik tok med seg ordet til ein konferanse rett etter; der forklarte ho ordet, og det fall i så god jord at andre på konferansen straks tok det i bruk og følte nok at dei var med i ein skapingsprosess. Seinare er ordet teke i bruk i svært mange miljø. (Sandøy 2000: 168.)

3.2. Fagspråk og allmennspråk

Innafor mange fag blir det drive systematisk arbeid med å omsetje termar til norsk. Det skjer ofte i samanheng med at ein lagar fagordbøker der ein også legg vekt på å gi presise definisjonar til termane. Fagspråket er ein arbeidsreiskap som stiller spesielle krav, ikkje minst til eintydigheit og standardisering. Derfor blir fagterminologien ofte utvikla i systematisk samarbeid i spesialistgrupper. Det arbeidet har Norsk språkråd vore lite engasjert i.

I 1938 blei Rådet for teknisk terminologi (RTT) skipa ved Noregs tekniske høgskole i Trondheim med det målet å arbeide for eintydig norsk terminologi. Etter krigen fekk det sekretariat i Oslo, og det har stått for utgivinga av om lag 70 terminologiordbøker. Rådet var halvoffentleg, og ein stor del av økonomien kom frå næringslivet. Ordbøkene er i hovudsak blitt til gjennom eit utstrekt samarbeid med terminologigrupper som har hatt medlemmer frå det aktuelle fagområdet. Norges Standardiseringsforbund har også engasjert seg, f.eks. med å gi ut ei rettleiing for terminologiarbeidet. Eit samarbeidsprosjekt har utvikla ei *Dataordbok*, som har komme i fleire oppdaterte utgåver. Leksikografen Magnar Rommetveit gav i 1979 ut den store *Norsk landbruksordbok*.

Det samla terminologiarbeidet har vore nokså omfattande, sjølv om organiseringa har vore lite samla. I 2002 gjekk RTT konkurs, og terminologiarbeidet ligg derfor i daudvatnet nett no, men det nye språkorganet som skal ta over etter Norsk språkråd i 2005, kjem truleg til å ta opp dette arbeidsområdet.

Ein stiller andre krav til allmennspråket. Eit generelt krav om absolutt eintydigheit og standard ville vere svært uheldig, for det ville nok redusere kreativiteten. Mennesket har bruk for fritt rom til både å antyde og vere tvitydig. Ei ordbok over allmennspråket skal derfor ikkje først og fremst føreskrive kva eit ord bør bety, ho skal heller fange opp kva tyding orda i praksis har i det faktiske og "slarkete" kvardagsspråket. Derfor treng ein heller ikkje noka fullkommen eintydigheit mellom eit utalandsk ord og eit norsk avløyarsord, f.eks. mellom *guidelgaid* og *omvisar*.

Det er inga heilt klår grense mellom det allmenne og det fagspesifikke. Visse emne innafor visse fag er av stor interesse også for allmugen. Så spesialisert som f.eks. ein del sportsgreiner er blitt i dag, med ein stab av vitskapsfolk bak som utviklar teknikkane, kunne ein seie at sportsspråket er blitt eit fagspråk. Men den breie interessa det er for sport, må ein rekne med at sportsfagorda kva tid som helst blir plukka opp av kommentatorar og journalistar og formidla vidare til vanleg interesserte. Her flyt grensa mellom fagspråk og allmennspråk.

Innafor sporten skjer det lite av systematisk oppbygging av norsk terminologi. I dataspråket derimot blir det gjort mye for å skape norske ord. Det er laga dataordbøker med definisjonar, og det er investert mye tid på å skape norske ord. Dessutan har den breie marknadsføringa tvinga dataselskapa til å omsetje både programvare og handbøker til norsk for at dei skal vere kundevennlege. Derfor har ein på ein generasjon gått over frå å "seive failer" til å *lagre filer* (eventuelt *dokument*). Her kan vi alle saman sjå i kvardagen korleis det foregår ein konkurranse på språkmarknaden, og dei

fleste av oss kan gjennom språkbruken vår innverke på marknadskonkurransen. Som vi ser av ruteteksten, er det ei mengd med nemningspar i bruk, dvs. at både den engelske termen og det norske avløysarordet lever side om side. Styrkeforholdet mellom dei skiftar frå år til år.

LITA DATAORDLISTE

(Bokmål før skråstreken, nynorsk etter.)

adresseliste (engelsk 'hotlist')
 avkryssingsrute (engelsk 'checkbox')
 distribusjonsliste (engelsk 'distribution list' eller 'mailing list')
 e-brev (engelsk 'e-mail')
 e-post (engelsk 'e-mail')
 flammepost (engelsk 'flaming', 'flame mail')
 flytende/flytande meny (engelsk 'pop-up menu')
 grensesnitt (engelsk 'interface')
 innpluggingsprogram = tilleggsprogram (engelsk 'plug-in')
 lenke/lenkje (engelsk 'link')
 linjeskift (engelsk 'enter')
 markør (engelsk 'cursor')
 maskinvare (engelsk 'hardware')
 nettleser/nettlesar (engelsk browser)
 nettside (engelsk 'web page')
 nettsted/nettstad (engelsk 'web site')
 nyhetsgruppe/nyheitsgruppe el. nyhendegruppe (engelsk 'news group')
 omvendt skråstrek (engelsk 'backslash')
 peiker/peikar (engelsk 'pointer')
 peker/peikar = lenke (engelsk 'link')
 postliste (engelsk 'mailing list')
 postmester/postmeister (engelsk 'postmaster')
 prat (engelsk 'chat')
 prate (på nettet) (engelsk 'chat')
 programvare (engelsk 'software')
 punktum (engelsk 'dot')
 rammer (engelsk 'frames')
 redigert postliste (engelsk 'moderated list')
 rulle (engelsk 'scroll')
 skriver/skrivar (engelsk 'printer')
 skråstrek (engelsk 'slash')
 søkemaskin/søkjemaskin (engelsk 'search engine')

søppelpost (engelsk 'spam')
 tagge (engelsk 'to tag') kode med tagger
 teikn (engelsk 'character')
 tilleggsprogram (engelsk 'plug-in')
 tjener/tenar (engelsk 'server')
 treff (engelsk 'hit') i samband med søk på nettet
 vandre på nettet (engelsk 'surf')
 vev (engelsk 'web')
 vevadministrator (engelsk 'webmaster'),
 vevsider, vevsted (jf. 'web site')
 virtuell virkelighet/virtuell røynd (engelsk 'virtual reality')

Norsk språkråd har aldri gått aktivt inn i arbeidet med å godkjenne eller avvise importord og på andre sida fastsetje avlørsarord. I dette arbeidet har ordboksforfatterane hatt eit stort ansvar. Berre av og til har fagnemnda i Språkrådet uttalt seg, og da berre med anbefalingar. Det gjaldt f.eks. da ho tilrådde e-post og e-brev tidleg på 1990-talet. Her er det gjennom andre kanalar at aktivitetane har skjedd. Avlørsarorda i allmennspråket er ofte komne frå anna hald, f.eks. frå vareimportørane, eller i somme tilfelle frå avislesarar som har levert inn forslag. Det gjaldt f.eks. ordet *kringkasting* for *radio* i Aftenposten i 1923 og *markedsføring* for *marketing* i *Arbeiderbladet* i 1961 (Brunstad 2001: 340). Andre ord har enkeltpersonar lansert: Henrik Wergeland brukte *husflid* for første gong i 1832, og Harald Nielsen kom på ordet *moped* i 1952. Norsk språknemnd sette i 1963 ned ei *Særnemnd for engelsk-amerikanske lånord* som skulle drøfte m.a. avlørsarord. Nemndarbeidet drog med seg ein del interesse, m.a. også nordisk samarbeid, men det er ikkje mogleg å sjå at det førte til noko konkret resultat. (Brunstad 2001: 341.)

4.3. Norsk oljespråk

Det største enkelttiltaket i norsk terminologi er det som skulle skape eit norsk oljespråk. 1983 vedtok styret i det norske oljeselskapet Statoil at alle driftshandbøkene for det nye feltet Gullfaks skulle utviklast på norsk. Det var eit prosjekt til 10 millionar norske kroner. Inntil da var engelsk det sjølvsgdde fagspråket på dette industrifeltet, som Noreg hadde etablert fram gjennom 1970-talet. For å skape det norske oljespråket blei Terminolprosjektet ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, sett i gang. Med ein nokså stor stab omsette det driftshandbøkene, alle skilta og dataskjermtekstane knytte til Gullfaks til norsk. I samband med det arbeidet måtte terminologien også gjennomgåast og strukturast, og det blei skapt eit tett samarbeid med ingeniørane. Det blei utvikla ein base på 40 000 norske termar med definisjonar og engelske mot-

svar. På grunn av at drifta på oljeplattformene gjeld heile kvardagen åt mannskapa, ikkje berre det tekniske kring oljeutvinning, dekte termene svært mange fagfelt.

Selskapet Hydro vedtok seinare å bruke norsk på feltet Oseberg. Dermed blei det skapt nye norske “øyar” i Nordsjøen, og det norske oljespråket kom i bruk, sjølv om ikkje alle dei norske termene blei konsekvent brukte i den munnlege kvardagen. (Myking 1988.)

Denne fornorskingsprosessen representerte ein domenegevinst for norsk språk. I dag har utviklinga snudd att, slik at engelsk kjem inn att som arbeidsspråk i mange administrative samanhengar i oljebransjen.

4.4. *Anglonorsk-kampanjen*

I 1990 sette Språkrådet i gang *Aksjonen for språklig miljøvern*. Bakgrunnen var den stadig sterkare diskusjonen utover 1980-talet om engelskpåverknad på norsk. Aksjonen skulle vere ein holdningskampanje til forsvar for morsmålet, altså norsk. I ein brosjyre om kampanjen heiter det:


“Aksjonen er ikkje nokon generell kampanje mot ordlåning eller framandkulturelle impulsar. [...] Vi er sterkt uroa over det vi ser som ei utbreidd beundrarhaldning til framandspråket engelsk. Denne haldninga kjem tydelegast til uttrykk gjennom alle dei engelske og halvengelske butikknamna og kafénamna som grin imot ein på skilt i byar og tettstader over heile landet. Dessutan skaper dei engelske orda og uttrykka vi importerer [...] praktiske vanskar av ymse slag.”

Vi ser altså eit ønske om å ikkje bli assosiert for sterkt til purisme, men heftet viser til at vi har avløyasarord for engelske importord:

idédugnad – brainstorming
 datasnok – hacker
 brettsgling – windsurfing,
 tilbakemelding – feedback
 nakkesleng – whiplash
 førstemålsspill – sudden death
 tangentfjøl – keyboard

Elles konsentrerer heftet seg om engelske butikknamn og at ein kan bruke gode norske namn i staden.

Denne kampanjen tok òg i bruk annonsar, klistremerke og plakatar. Eit særnummer av *Språknytt* (2–1990) blei brukt, det fekk innslag i NRK–fjernsynet, og Språkrådet tok kontakt med firma som brukte mange engelske ord (f.eks. McDonald’s og Norske Meierier).



Postkort frå anglonorsk-kampanjen.

Brosjyrar frå kampanjen var “Bruk hodet, snakk norsk” (1991), “Ja til norsk (1990), “Namn i neon” (1993) og “Norsk – i nye tusen år” (1996). Ein del av tekstane i brosjyrane var nokså kjensleladde, og retorikken utnytta mange metaforar. Sjølve aksjonstittelen om miljøvern var henta frå den sterke allmenne miljøorienteringa på 1980-talet. Denne allusjonen og denne retorikken blei kritisert av ein del språkvetarar, og det kom ein viss sjølvkritikk i Språkrådet. Det var ein tydeleg angst for å bli assosiert med nasjonalisme og rasisme. Det kjem f.eks. fram i eit brev Språkrådet skreiv som svar på eit spørsmål frå ein dansk student. (Jamfør Brunstad 2001: 360ff.)

Statusvern blei det nye slagordet for Språkrådet, som i 2000 vedtok ein språkstyrkingsplan. Her kjem engasjementet for avløysarorda meir i bakgrunnen. Men samtidig har Språkrådet halde fram med å presentere og foreslå avløysarord, men utan å la det få kampanjepreg, jf. <http://www.sprakrad.no/paanorsk>. Det er tydeleg at det som vanlege folk legg merke til og er engasjerte i, er dei engelske orda, og her har nok kampanjen hatt ein verknad ved å skape debatt og oppmerksomheit. Kritikken kom frå lingvistar som finlas retorikken med eit anna utgangspunkt enn allmenta.

4.5. Ordsミア

Da Språkrådet i 1998 vedtok prinsippa for norvagisering av importord, blei det etterlyst meir arbeid for ordlaging, og pkt. 2 i prinsippa (jf. ovafor i pkt. 2.7.3) viser til slikt arbeid.

I 2000 opna Språkrådet den elektroniske diskusjonslista *Ordsmia*. Der kan alle som ønskjer, melde seg inn og få tilsendt alle diskusjonsinnlegg som dukkar opp om ord. Diskusjonane startar med at ein eller annan i gruppa sender ut eit spørsmål om god omsetjing/erstattar av eit utalandsk ord eller uttrykk, og så kjem andre med forslag og motforslag. Det endar ofte med ivrige diskusjonar for og mot. Aktiviteten kan svinge frå ein storm med 20 innlegg ein dag til full stille neste dag, alt etter kor enkeltordet engasjerer.

Medlemstalet på lista ligg på sirka 250, og dei fleste er nok mest interesserte i datatamar. Men ein god del andre tema er også oppe. Ei redaksjonsgruppe på tre i Språkrådet går med jamne mellomrom inn og sorterer ut dei ordforslaga som dei synest er best, og dei blir presenterte både i oppsummeringsinnlegg og i ei eiga lista som blir lagd ut på heimesida åt Språkrådet. Jamfør <http://www.sprakrad.no/ordsmia>.

I 2002 gjekk Språkrådet inn i eit samarbeid med *Dagbladet* om ei liknande elektronisk spalte på nettutgåva av avisa. I ein periode blei ein god del avløysarord fore slått og diskuterte nokså engasjert.

Ein kan hevde at ikkje så mange av dei foreslåtte orda er gått inn i norsk kvar-dagsspråk. Så usikker er alltid skjebnen for slike forslag. Men ein skal ikkje under-vurdere den verdien slike diskusjonsforum har ved at interesserte personar får høve til å uttrykke engasjementet sitt og spreie interessa. Det kan i neste omgang motivere til å bruke fleire norske ord og til å reflektere over og reagere mot domenetap.

4.6. Språkstyrkingsplanen

I 2000 vedtok styret i Norsk språkråd ein eigen språkstyrkingsplan for perioden 2001–2003, som tek opp først og fremst arbeidet mot domenetap – dvs. såkalla statusarbeid. I desse planane er lite nemnt om avløysarord og norvagisering. Men aksjonen hadde eit samarbeid med kampanjen *!Les* i 2003, som nettopp gjekk på at skoleelevar skulle reagere på tekstar med engelske importord.

I arbeidet med holdningspåverknad kan nok statusarbeidet med hell samordnast med korpusarbeidet – dvs. arbeidet med korleis språket skal formast. I den nordiske meiningsmålinga (jf. Vikør 2005) er det tydeleg at dei gruppene av informantar som er mest opptekne av heimleg ordlagning, også er dei som er mest opptekne av at engelsk representerer ein trussel mot bruksområda som morsmålet har. Interesse for og holdningane til språkbruk og språkform heng saman.

5. Avslutning

Gjennom den nasjonale perioden, eller nasjonsbyggingsperioden, blei det bygd opp interesse for å markere det norske språket. Dermed blei det utvikla ein tradisjon for å gi importord norsk skrivemåte, og det var også positiv interesse for å skape norske ord som ein kunne setje i staden for dei utalandske. Under argumentasjonen for denne nasjonale språkpolitikken har det heile tida også lege eit demokratisk perspektiv.

Skandinavismen blei ikkje avgjerande for norsk ortografi, men med tanke på importorda forsterka denne rørsla tilslutninga til ortofone skrivemåtar. Såleis kan vi sjå ei linje frå dei radikale framlegga for svensk frå Carl Gustaf Leopold i 1801 (jf. artikkelen om svensk normering i denne boka), via det norske departementsrundskrivet i 1862 og skandinavismøtet i 1869 til norvagiseringsdebattane våre i tida etter 1996.

Samfunnsmoderniseringa har alltid gitt store utfordringar til språkpolitikken, og etter andre verdskrigen har presset blitt ekstra stort. Men den interne språkdiskusjonen i Noreg har nok halde oppe ei høg bevisstheit kring spørsmålet om korleis norsk skal sjå ut, og oppslutninga er nokså brei om å skape norske ord. Den nordiske meiningsmålinga viste at 53 % av nordmennene støtta ein slik politikk. (Vikør 2003: 47.)

I dag blir moderniseringa og endringspresset representert i bevisstheita med ein diskusjon om den såkalla globaliseringa. Somme oppfattar den som ei nødvendig og ønskjeleg utvikling som ikkje gir det nasjonale eller det norske språket nokon plass i framtidssamfunnet, mens andre ser også på denne utviklinga som noko vi kan forme med ein bevisst politikk. Den kulturelle dimensjonen av globaliseringsdebatten i Noreg blir nok først og fremst ført som ein språkpolitisk diskusjon – på det området er motsetningane lettast å sjå.

Noter

- 1 'Norvagisering' er ein term brukt i Norsk språkråd frå 1992 om å tilpasse importord etter det norske ortografiske mønsteret i skrift og etter norsk fonologi i talemålet. 'Fornorsking' gjeld arbeidet med å få teke i bruk norske ord i staden for utalandske.
Svein Nestor har levert grunnlaget for punkta 2.6 og 2.7.1. i denne artikkelen.
- 2 Dei to norske målformene har sia 1929 heitt 'nynorsk' og 'bokmål'. Før 1929 blei nynorsk kalla *landsmål*. Bokmålet blei kalla både *dansk-norsk*, *norsk-dansk*, *det almindelige bogsprog* og *riksmål*. Med 'norsk språk' meiner ein både nynorsk og bokmål.
- 3 Her må det vere sikta til ein uttale [bril'jaɲt], som ikkje er så vanleg no lenger.

Referansar

- Brunstad, Endre. 2001. *Det reine språket. Om purisme i dansk, svensk, færøysk og norsk*. (Dr.art.-avhandling.) Bergen: Nordisk institutt.
- Dep. 1918 = *Den departementale rettskrivningskomité 1918. Den nye rettskrivning. Regler og ordlister. I. Riksmål. Reglar og ordlistor. II. Landsmål*. Kristiania: Mallinske.
- Graedler, Anne-Line. 1996. Forholdet mellom stavemåte og bøyning i engelske låneord. I: Blaauw o.fl. (red), *Engelske ord med norsk rettskrivning? Seks seminarforedrag*, s. 67-80. Bergen: Bergen Riksmålsforening.
- Grønvik, Oddrun. 1980. "Framandorda og norsk språkutvikling i nyare tid." I: *Språk i Norden 1980*, s. 39-60. Lund: Esselte.

- Hansen, Mauritz. 1837. *Norsk Grammatik*. (5. omarb. Opl.) Kristiania: R. Hviids Forlag
- Knudsen, Knud. 1845. *Om Lydene, Lydtegnene og Retskrivningen i det norske Sprog*. Kristiania.
- Knudsen, Knud. 1866. *Om tilnærmelse mellem Norsk, Dansk og Svensk*. Kristiania.
- Knudsen, Knud. 1881. *Unorsk og norsk – eller fremmedords avløsning*. Kristiania: Cammermeyer.
- Knudsen, Knud. 1937. *Knud Knudens livsminner. Barneår og ungdomsår*. Oslo: Ashcehoug.
- KUD 1936 = Kirke- og undervisningsdepartementet (1936): *Tilleggstilråding om ny rettskrivning. Fra den departementale rettskrivningsnemnd av 1934*. Stavanger.
- Leira, Vagleik. 1982. *Nyord i norsk 1945-1975*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lyngbye, K.J. 1870. *Det nordiske rettskrivningsmøde i Stockholm den 25de-30te juli 1869*. København.
- Løkke, Jakob. *Beretning om det nordiske rettskrivningsmøde i Stockholm 25de – 30te juli 1869*. Kristiania: Mallings.
- Malling, Ove. 1777. *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenere*. København.
- Myking, Johan. 1988. Norsk termbank. Avdeling for norsk leksikologi. I: *Språknytt* 2/1988, s. 11-14.
- Norsk språkråd. Årsmeldingar. Oslo.
- Nygaard, Rolf. 1967. *Fra dansk-norsk til norsk riksmål. Rettskrivningsstrevet i bokmål inntil 1907*. Oslo: Tanum.
- Rask, Rasmus. 1826. *Forsøg til en videnskabelig dansk rettskrivningslære*. København.
- Rommetveit, Magnar. 1979. Norsk landbruksordbok. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Sandøy, Helge. 1997. *Lånte fjører eller bunad? Om norsk skrivemåte av importord*. (Utgreiing.) Oslo: Norsk språkråd.
- Sandøy, Helge. 2000. *Lånte fjører eller bunad. Om importord i norsk*. Oslo: Cappelen.
- Skard, Matias. 1912. *Nynorsk ordbok for rettskriving og litteraturlesnad*. Oslo: Aschehoug.
- Tanums store rettskrivningsordbok*. 1996. Oslo: Tanum–Norli.
- Tilråding 35 = *Tilråding om ny rettskrivning. Fra den departementale rettskrivningsnemnd av 1934*. Trondheim: Kirke- og Undervisningsdepartementet.
- Vikør, Lars S. 2003. Nordiske språkhaldningar. Presentasjon av ei meningsmåling. I: Helge Sandøy (red.), *Med 'bil' i Norden i 100 år. Ordlaging og tilpassing av utalandske ord*, s. 42-51. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. & Tore Kristiansen (red.) 2005. Nordiske språkhaldningar. (Moderne importord 4.) Oslo: Novus. [Under utgiving.]
- Vinje, Finn-Erik. 1973. *Et språk i utvikling. Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie*. Oslo: Aschehoug.
- Vinje, Finn-Erik. 1996. Omstavning av fremmedord i norsk og nordisk. I: Blaauw o.fl. (red.), *Engelske ord med norsk rettskrivning? Seks seminarforedrag*, s. 9-40. Bergen: Bergen Riksmålsforening.

- Aars, J. & S.W. Hofgaard & Moltke Moe. 1898. *Om en del retskrivnings- og sprogsprosmål*. Kristiania.
- Aars, J. & S.W. Hofgaard 1907. *Norske retskrivningsregler. Godkjendt av Kirkedepartementet ved skrivelse av 25de juni 1907. (2det oplag.)* Kristiania: Fabritius.
- Aars, J. 1874. *Retskrivnings-regler til Skolebrug*. Kristiania.
- Aars, J. 1885. *Retskrivnings-regler til Skolebruk*. Kristiania: Fabritius.
- Aasen, Ivar. 1853. *Prøver af Landsmaalet*. Kristiania.
- Aasen, Ivar 1864. *Norsk Grammatik*. Kristiania: Malling.
- Aasen, Ivar. 1875. *Heimsyn. Ei snøgg Umsjaaing yver Skapningen og Menneskja. Tilmaatad fyre Ungdomen*. Kristiania: Det Norske Samlaget.